



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 23, 23. juni 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)

### Nyhendebrevet held fram hausten 2023

Dette er siste nyhendebrev før sommaren. Neste nyhendebrev er planlagt 10. august. God sommar!



## Rekordstor deltaking under Fjordkonferansen

[Fjordkonferansen](#) i Loen denne veka blei ein suksess med rekordmange presentasjonar og stor deltaking frå HVO, som også var organisator i år. Fjordantologien 2023, *Nyskaping* (redigert av NTNU i Ålesund), blei lansert, og blant bidragsytarane der var det Arne Bendik Rekve (HVL) som fekk Sparebanken Møres FoU-pris. (Foto: Dag Roland.)

## FoU-prisen 2023 til Marie Nedregotten Sørbø

Den årlege [FoU-prisen ved HVO](#) går til [professor Marie Nedregotten Sørbø](#) ved Institutt for språk og litteratur. Ho har publisert i over 40 år og produsert eit betydeleg omfang av vitskaplege artiklar og bøker. Prisen blir delt ut under opninga av [Forskningsdagane](#) 22. september.

[\*\*LES MEIR\*\*](#)

[LES MEIR](#)

## Fag og forsking

### **Sløydforskning frå Volda til Sverige – og på NRK**

Arbeidet til førsteamanuensis [Karen Brænne](#) og høgskulelektor [Sissel Midtlid](#) ved AKF har vekt [interesse i Sverige](#), og torsdag fortalte Brænne meir om dette i [morgonsendinga til NRK Møre og Romsdal](#).

### **Mange med ambisjonar om toppkompetanse**

Fristen for å søkje om professor-/dosentstipend gjekk ut 20. juni. Det er 11 som har søkt; av desse var 8 frå Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL), 2 frå Avdeling for mediefag (AMF) og 1 frå Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH). Inntil 5 av søkerane kan få stipend til arbeidet mot opprykk når forskingsutvalet samlast etter ferien den 24. august.



## Siv Gamlem representerte Noreg i Slovenia

[Professor Siv M. Gamlem](#) ved Institutt for pedagogikk var nyleg i Ljubljana for å representer i nettverket [IEAN](#) (International Educational Assessment Network). Ho blei [utpeika som representant for Noreg](#) av Utdanningsdirektoratet i 2018. Gjennom IEAN jobbar små land med vurdering som skal fremje læring, til dømes ved å sjå på vitnemål, eksamenar, forsking og korleis ein kan måle ein breiare kompetanse.

## Besøk frå sakkunnig utval

Søknaden om PhD-utdanning i språk og kultur skal vurderast av eit sakkunnig utval frå NOKUT beståande av [Audhild Lindheim Kennedy](#), [Inga Bostad](#), [Nils Ivar Agøy](#) og [Jens Rasmussen](#). Utvalet kjem på institusjonsbesøk til Høgskulen 27.-28. august. Under besøket skal dei møte over 50 personar for å vurdere korleis HVO arbeider med doktorgradsutdanningar. Blant dei som utvalet skal møte er det studentar, stipendiatar, administrative og vitskaplege tilsette, samt aktuelle framtidige arbeidsgivarar for stipendiatane i det nye doktorgradsprogrammet vårt.



### Forskningsgruppe på arbeidstur til Runde

Delar av forskningsgruppa [Spesialpedagogikk og inkludering](#) reiste til Runde Miljøsenter 14.–16. juni for å få «freda» tid til skriving og utvikling, både individuelt og i felles diskusjonar. Dei framhevar eit slikt opphold som svært viktig for å kome i gang med forsking og byggje eit trygt og godt fundament for gruppa, spesielt dei som er i startfasen av forskingskarrieren. – Ein treng ikkje reise så langt for å oppnå skjerminga ein treng, melder gruppa.

### Kurs i høgskulepedagogikk - søknadsfrist 25. august

Alle tilsette har fått e-post frå Silje Ims Lied med informasjon om kurstilbod i høgskulepedagogikk på HVO. Søknadsfristen er 25. august. Her meir informasjon om kursa, blant anna med dato for samlingar:

[Digital didaktikk i mitt fag og mine emne](#)


[Rettleiing av mastergradsstudentar](#)

[Pedagogisk basiskompetanse](#)

## Rettleiing på kvantitativ metode

Studia er for tilsette ved Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde.

# Studium og studentliv



## **Treng du tilrettelegging i studiekvarden? Snakk med Studentsørvis!**

Høgskulen i Volda tilbyr fleire former for tilrettelegging og tiltak for studentar med funksjonsnedsettingar og andre særkilde behov. Studentsørvis kjenner til dei aller fleste tilretteleggingstiltaka, og saman med dei tilsette kan du diskutere kva som passar for deg på det studiet du går. [Les meir om tilrettelegging her!](#)

## Når kjem svar på søknaden?

Potensielle studentar lurar på når dei svar på søknaden sin om studieplass. Svaret kjem litt an på...Difor er det no oppretta [ei eiga nettside](#) med informasjon om dette – til hjelp for både potensielle studentar og tilsette ved høgskulen.

## Nytt bli kjent-arrangement for nye studentar dagen før studiestart

Arrangementet «Velkomstkveld», i regi av Velferdsgruppa hjå Høgskulen i Volda, er ein ny vri av «Pizza i Kaarstadparken». Målgruppa er alle nye studentar som kjem til Volda - og gamle studentar som treng ein ny start. Bli kjent-arrangementet finn stad 14. august frå klokka 17 på Berte Kanuttehuset og området rundt. På menyen står grillmat, og på borda ligg samtalekort med bli-kjent spørsmål som ein kan bruke om ein vil.

## Kantina stengd i sommar

Kantina opnar igjen etter sommarferien måndag 7. august.

## Styre og stell



### **Berte Kanutte i monter**

Du veit kanskje kva som er Berte Kanutte-huset, men veit du kven huset er oppkalla etter? Det har du no sjansen til å få vite meir om når du går inn inngangen til Berte Kanutte-huset ved Studentsørvis. Der står det no ein glasmonter med biletet, informasjon og ting knytt til Berte Kanutte Aarflot (1795-1859), ein kjent og folkekjær haugiansk forfattar, og ein av dei mest brukte salmediktatarne på 1800-talet.

Ein tidlegare tilsett ved HVO, Reidun Aambø, førstelektor i norsk og mangeårig leiar for Norsk språk og samfunnskunnskap for internasjonale studentar (NIS), står bak idé, innhald og designet av monteren. Medan det er Helene Nærum Wold og Linnea Lade, elevar ved Ørsta vidaregåande skule, som har bygd monteren.

### **"Samspelet" og "Erfaringa": Namn på rom i "Nye" Hans Strøm**

Avdeling for samfunnsfag og historie har bestemt kva namn undervisningsromma i "Nye" Hans Strøm skal ha. Og namna er henta frå eller inspirert av fagleg aktivitet og fokus på avdelinga. Her er namna: Samspelet, Erfaringa, Opplysinga, Folkelivet, Selskapet, Granskinga, Skildringa, Detaljane, og Tilskodaren. Og "Vekselstrøm".

### **Sommarstenging på Høgskulen i Volda**

Høgskulen i Volda vil halde sommarstengt i veke 27 til og med veke 30, altså frå 3. juli til 31. juli. I denne tida er det berre tilgang for dei som har gyldig nøkkelkort. Sentralbordet og studentsørvis er bemanna i heile ferien og svarar på telefon og e-post. Kantina har siste opningsdagen fredag 23. juni og opnar att etter sommarferien mandag 7. august. Biblioteket er meirope i heile sommarferien for alle som har gyldig nøkkelkort.

## **Nytt om namn**

### **Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)**

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no). Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side](#).

## **Khrono: Den nye rektoren hevar regnbogeflagget**

Odd Helge Mjellem Tonheim, ny rektor ved Høgskulen i Volda frå august, slår eit slag for at kjærleiken er for alle i [eit intervju med Khrono](#). Her kjem han også inn på korleis han ser på rektorjobben, kvifor han er tilhengar av vald rektor, høgskulen si framtid og meir.

## **Biblioteksjef Mariann Schjeide får internasjonalt verv**

HVOs [biblioteksjef Mariann Schjeide](#) er utnemnd til eit høgthengande verv i [IFLA](#) (International Federation of Library Associations and Institutions). Ho får ein av ti plassar i seksjonen FAIFE (Freedom of Access to Information and Freedom of Expression), som skal rettleie hovudstyret om ytringsfridom. Schjeide beskriv IFLA som «eit lite mini-FN» og fortel at det er mange år sidan det sat nordmenn i FAIFE.

## **Høydal prodekan på AKF**

Dekan ved Avdeling for kulturfag (AKF) [Randi Bergem](#) har oppnemnt [Kjetil Høydal](#) som prodekan ved AKF. Kjetil Høydal startar i funksjonen som prodekan 1. august 2023.

# **Publisering og formidling**

## **Send gjerne tips!**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. Send tipset også til kommunikasjon. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Hugs også å legge ved lenke til publiseringa.

## **Fjordantologien 2023: Nyskaping**

Under [Fjordkonferansen](#) denne veka var det tradisjonen tru lansering av Fjordantologien om fjarårets tema: Nyskaping ([Universitetsforlaget 2023](#)). Redaktørar er Marte F. Giskeødegård, Øivind Strand, Arnhild Lunde, Mads Solberg og Snorre Bakke ved NTNU i Ålesund.

4 av dei 15 utvalde artiklane i antologien kjem frå HVO. Fleire av desse skrivne i samarbeid på tvers av Avdeling for mediefag og Avdeling for samfunnsfag, med [professor Roar Stokken](#) ved Institutt for sosialfag som medforfattar på tre av dei.

### **Henriette Hafsaas redaktør for Sudan-utgiving**

[Forskingssjef Henriette Hafsaas](#) er redaktør for siste nummer av tidsskriftet [\*Dotawo – A Journal of Nubian Studies\*](#). Utgivinga med temaet «War in the Sudan» spenner frå førhistorisk tid til revolusjonen i 2019. Hafsaas bidreg med [forordet](#) og artikkelen [\*«The Role of Warfare and Headhunting in Forming Ethnic Identity: Violent Clashes between A-Group and Naqada Peoples in Lower Nubia \(mid-4th millennium BCE\)»\*](#). Utgivinga fell saman med ei dyster utvikling i Sudan. Sidan april 2023 har rivaliserande leiarar frå militærregimet vore i ein væpna konflikt, der den sudanske befolkninga har blitt fanga i krysseldene. Bidragsytarane til nummeret (frå fem ulike land) håpar at publikasjonen er med på å setje sokjelys på situasjonen i Sudan.

### **HVO-redigert bok presentert på verdskonferanse i Frankrike**

Professor emeritus Jon Olav Myklebust har nett vore på den sjette verdskonferansen i utdanningsforskning i Nice. Her presenterte han boka *Life Course of Special Educational Needs Students. Norwegian School Experiences and Long-term Consequences* ([Springer, 2023](#)). Myklebust er redaktør for boka saman med [professor Finn Ove Båtevik](#) og [professor emeritus Rune Kvalsund](#), alle knytte til [Avdeling for samfunnsfag og historie](#).

Boka har bidrag frå fleire Volda-forskarar, som lenge har vore med på ein 20 år lang studie av hundrevis av elevar med særlege behov frå 6 norske fylke. Dei fleste livsområde, for eksempel utdanning, arbeid og sosialt liv, er blitt grundig analyserte. Hovudkonklusjonen er at fleire av dei spesialpedagogiske hjelpetiltaka, for eksempel plassering i spesialklasser og bruk av lærarassistentar, i liten grad har positiv innverknad på livsløpet. Etter presentasjonen fekk interesserte forskrarar frå mange land utdelt eit utdrag av boka.

### **Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid**

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her](#).

## **Faglege arrangement - og fristar**

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

### Forskningsseminar om luktesansen 3.–6. september

I september blir Sunnmøre vertskap for ein utforskande workshop i kulturstudium knytte til luktesansen: [Nordforsk \(NOS-HS\) exploratory workshop in Ålesund/Runde](#). Seminaret finn stad i Atlanterhavsparken i Ålesund og ved Runde Miljøsenter og skjer med støtte frå Nordforsk. Førsteamanuensis [Erik Cyrus Fooladi](#) ved Institutt for realfag er medarrangør av seminaret. (Fristen for innsending av bidrag er ute.)

### Læringsverkstaden: Utviklingsmidlar til studentaktive lærings- og vurderingsformer - løpende frist

Høgskulen i Volda ønsker å ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet, som det står i strategiplanen. Eitt tiltak for å nå dette målet er å tildele midlar til prosjekt innan studentaktive lærings- og vurderingsformer, og [Læringsverkstaden](#) inviterer tilsette på HVO til å sende søknader om midlar til prosjekt. Prosjekta kan maksimalt få kr 50.000, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn. [Meir informasjon om utlysinga er i nyhendebrev frå Læringsverkstaden.](#)

## Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

[Seniorkonsulent/rådgjevar ved ASH](#) - søknadsfrist 29.6.2023

[Førstekonsulent/seniorkonsulent ved HR](#) - søknadsfrist 7.8.2023

[Stipendiatsstillingar i helse- og sosialfag](#) - søknadsfrist 15.8.2023

[Organisasjonskonsulent i Studieadministrasjonen – tidsavgrensa vikariat](#) - 7.9.2023

## Møte, seminar og anna på HVO:

Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.

**Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:**

**Hausten 2023:**

1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar

15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)

15.8.-29.8.2023: [Fadderveka 2023](#)

4.-9.9.2023: [Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)

7.9.2023: [Høgskulestyret](#)

21.-24.9.2023: [Animation Volda](#)

27.-28.9.2023: [Karrieredagane](#), Ørstahallen

26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)

1.-2.11.2023: [Utdanningsdagane](#)

7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

**Våren 2024:**

7.3.2024: Høgskulestyret

8.5.-9.5.2024: Høgskulestyret (styreseminar og styremøte)

30.6.2024: Høgskulestyret

## Faste lenker:

**LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

**REKTORBLOGGEN**

[15.06.2023: Orientering til høgskulestyret, 15. juni 2024](#)

[19.06.2023: Høgskulen, husa og ideane](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## KVA SKJER I VOLDA OG ØRSTA?

[Rokken](#)  
[ØrstaVolda.no](#)

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)  
[Tiktok](#)  
[Facebook](#)  
[Instagram](#)  
[Youtube](#)  
[Finn-ein-forskar](#)  
[HVO-bloggar](#)  
[Nynorskenterets blogg](#)  
[Fjordkonferansen](#)  
[Løpende oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget \(Berte Kanutte-huset\)](#)  
[Offentleg journal \(postliste\)](#)  
[Nye bøker i HVO-biblioteket](#)

## STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)  
[Studentradioen](#)  
[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)  
[Radio Volda](#)  
[Nærsynet](#)  
[Nærnett](#)

# Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](#)  
E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)  
[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)